

T Y S V Æ R  
**KULTUR**  
S K O L E

Kulturskoleplan for Tysvær

**2017 - 2027**



# T Y S V Æ R KULTUR S K O L E

## Kulturskoleplan for Tysvær 2017-2027

### INNHALD

#### Forord

#### 1. Kulturskolen og samfunnet

- 1.1 Kulturskolen si historie s.4
- 1.2 Lov forankring s.4
- 1.3 Formål i samfunnet s.4
- 1.4 Planar og offentlege dokument om kulturskolen s.5

#### 2. Tysvær kulturskole - fag og innhald

- 2.1 Visjon og pedagogisk plattform s.6
- 2.2 Dans i Tysvær kulturskole s.7
- 2.3 Teater i Tysvær kulturskole s.7
- 2.4 Visuelle kunstfag i Tysvær kulturskole s.7
- 2.5 Musikk i Tysvær kulturskole s.8
- 2.6 Kulturskolen 0-8 år s.9
- 2.7 Nye aktuelle fag i kulturskolen s.9

#### 3. Organisering av kulturskolen


- 3.1 Tre programområder for kulturskolen s.10
- 3.2 Lokalar for kulturskolen s.11

#### 4. Tysvær kulturskole i dag

- 4.1 Nøkkel og grunntalsrapport 2015 s.14
- 4.2 Elevar og deltaking s.114
- 4.3 Kulturskolelæraren s.116
- 4.4 Kulturskolen som lokalt ressurscenter s.17

#### 5. Tysvær kulturskole inn i framtida, oppsummering

- 5.1 Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag s.19
- 5.2 Fag og innhald – potensiale for utvikling s.19
- 5.3 Organisering framover s.20



## Forord

Kulturskolen i Tysvær har virka i kommunen sidan 1975 og feira 40 års jubileum hausten 2015. Mange elevar har vore innom, og skulen er i dag ein sjølvstendig del av kommunen si verksemd. Tysvær kommune sitt slagord er «Aktivitet og trivsel», og kulturskolen er ei viktig brikke i å oppfylle dette.

Ny rammeplan for norske kulturskoler, «Mangfald og fordjuping» frå 2014 er forelagt kommunestyret, og for første gang er det laga ein lokal kulturskoleplan i Tysvær. Den lokale planen syner kulturskolen sin historie, innhald og organisering her i Tysvær, samt noko om lovforankring og samfunnsoppdrag. Den lokale planen gir et bilde av korleis «Mangfald og fordjuping» kan prege Tysvær kulturskole og soleis ein strategi for best mulig opplæring av barn og unge i kulturfag.

Kulturskoleplanen er for perioden 2017-2027.



Plakat frå kulturskolen si jubileums framsyning i november 2015

## KAP. 1

### KULTURSKOLEN OG SAMFUNNET

#### 1.1 KULTURSKOLE HISTORIE

Ordninga med kommunale musikkskular rundt om i landet, gjorde seg gjeldande frå omlag 1960 og utover. I 1982 kom det på plass øyremerka statstilskott til drift av musikkskulane, denne støtta blei frå 2004 innlemma i rammetilskotet til kommunen. Etter kvart gjekk dei kommunale musikkskulane over til å blir kulturskular, og i 1997 kom det på plass ei lovforankring for skuleslaget.

Tysvær kommunale musikkskule, vart starta opp på nyåret 1975 med prøveordning i fleire skulekretsar. Etter eit halvår med utprøving, fekk skulen tilsett sin første rektor, Jon Egil Henriksen. Han vart tilsett 1.juli 1975, med kontor på Grinde. Kulturskulen har hatt permanent drift sidan dess.

Tysværtunet kulturhus stod klart i 1993 og kulturskulen flytta då inn med administrasjon og noko undervisning. Med dei nye lokala blei det etterkvart starta opp undervisning i nye fag. Først teater og biletkunst, og sidan dans. Ein endra då etter kvart namn til Tysvær musikk- og kulturskole. På 2000-talet blei dette så til Tysvær kulturskole, det namnet skulen har i dag.

#### 1.2 LOVFORANKRING

Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova sin paragraf §13-6:

***“Alle kommunar skal, aleine eller i samarbeid med andre kommunar, ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.”***

#### 1.3 KULTURSKOLEN SITT FORMÅL I SAMFUNNET

Rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordjuping» (2014) peiker på følgjande hovudformål:

***«Kulturskolen skal gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk».***

Kulturskolen er per i dag den viktigaste pedagogiske tilbydaren av kulturfag til barn og unge. Skuleslaget har slik ei viktig rolle i den samanhengande utdanningslina, ved å sikre rekruttering og kvalifisering fram mot høgare kunstfagleg utdanning.

I **St.melding nr 39 – «Ei blott til lyst» (2002-2003)** - om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskulen, vert det også peika på rolla til kulturskolen som potensielt lokalt ressurscenter. Omgrepet blei sidan følgd opp av kunnskapsdepartementet i strategiplanen **«Skapende læring – strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010»**.

Å vere eit lokalt ressurscenter inneberer å vere ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommune, og kan på sitt beste medføre forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskule, vidaregåande skule, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst og kulturformidling.

## 1.4 PLANAR OG OFFENTLEGE DOKUMENT OM KULTURSKOLEN


Norske kulturskular sorterer under kunnskapsdepartementet. Så langt har ikkje departementet arbeida fram noko nasjonal læreplan knytt til kulturskular i Norge. Ein har likevel hatt fleire dokument, stortingsmeldingar og strategiplanar som omhandlar drift eller formål av norske kulturskular.

### 1.4.1 Stortingsmeldingar og planar:

- «Rammeplan for kommunale musikkskoler» (KS – kommuneforlaget 1989)
- St.meld nr 40 (1992-1993) *...vi smaa en alen lange...* Kyrkje, utdannings og forskingsutvalet peiker her på at kulturskulane bør ha ei dekning på 30% av elevane i grunnskulen.
- St.melding nr 39 (2002-2003) *Ei blott til lyst – om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen.*
- «På veg til mangfald» - Nasjonal rammeplan for kulturskulane (Norsk kulturskoleråd 2003)
- Strategiplan (2007) *Skapende læring - strategiplan for kunst og kultur i opplæringa*
- Kulturlova 2007
- Kulturløftet 1, 2 og 3, med bla. innføring av kulturskoletimen (gratis kulturskoletime for elevar i grunnskule/SFO.
- Enger utvalget (NOU 2013:4 ) Kulturutredningen 2014
- Mangfald og fordjuping (Norsk kulturskoleråd 2014) – nasjonal rammeplan for norske kulturskular.
- 13.juni 2017 blei det bestemt i Stortinget at det skal lagast ei eiga stortingsmelding om den norske kulturskole ordninga.

### 1.4.2 Gjeldande læreplan for kulturskolen

Gjeldande plan for kulturskuledrift er «Mangfald og fordjuping». Det er Norsk Kulturskoleråd som har arbeida fram planen, og planen blei vedtatt på organisasjon sitt landsmøte oktober 2014. Dette er til no den klart mest omfattande planen ein har hatt for kulturskuledrift og utvikling, og dette er også første plan som på ein heilskapleg måte seier noko om kvalitet og fagleg innhald i skuleslaget. Planen blir lagt fram for politisk vedtak i Tysvær kommune hausten 2017.



## KAPITTEL 2 FAG OG INNHOLD I TYSVÆR KULTURSKOLE

### 2.1 VISJON OG PEDAGOGISK PLATTFORM

#### Visjon for kulturskolen

«Kulturskolen har som mål å gje barn og unge i Tysvær kommune dei beste vilkår for opplæring i kulturfag, til glede for seg sjølv og andre».

#### Pedagogisk plattform

Personalet har utarbeida pedagogisk plattform med tre overskrifter for kulturskolearbeidet. Meir informasjon om dette på nettsida til kulturskolen.



**1. Vi legg vekt på eit breitt og kvalitativt godt undervisningstilbod**

**2. Vi legg vekt på framføring og formidling**

**3. Vi legg vekt på eit godt samarbeid med heimen**

### 2.2 DANS I TYSVÆR KULTURSKOLE

#### 2.2.1 Kjenneteikn i dag:

Dans som fag har vore på timeplanen sidan 2000 i kulturskolen. Ulike stilartar har vore representert, med hovudvekt på moderne dans/jazzdans. Lærarressurs har vore på ca 20 % stilling. Undervisninga skjer i grupper og ein godt kvalifisert danselærer har om lag 50 elevar. Mange stader er det ei stor utfordring å rekruttere kvalifisert personale til dansefag. Tysvær kulturskole har vore så heldig å dele lærar med MDD linja på Skeisvang i seinare tid.

Kulturskolen har eigen dansesalen i kjellaren på Kulturhuset. Her er rom tilpassa aktivitet med dansegolv i tre med svikt og dansematter oppå. Dansesalen har også vegg med speglar og ein del barrar. Salen er med sine 100 m<sup>2</sup>, litt i underkant av ideelt areal og høgde under taket er litt låg.

#### 2.2.2 Potensiale vidare for Dans i Tysvær kulturskole

Tradisjonen på dans, er å øve i sal og saman med andre. Eit heilskapleg opplæringstilbod kjenneteiknast derfor ved mange parti og elevar som øver fleire dagar i veka. Det bør sjåast på internt, eller i samarbeid med andre kulturskolar/private, om ein kan få til større volum på opplæringa. Dans er av dei tilboda som er minst kostnadskrevjande å drive, pga. store grupper.



**Mål for neste 10 års periode er å auke talet på elevar til 75-100 elevar, auke stillingsressurs til 50 % for lærar og få til tilbod som også appellerer til gitar.**

## 2.3 TEATER I TYSVÆR KULTURSKOLE

### 2.3.1 Kjenneteikn i dag:

Teaterfaget har stor framgang i Tysvær kulturskole i siste 10 års periode. Frå å vere eit lite fag, med små enkle førestillingar, har det blitt eit fag med følgjande kjenneteikn:



- Store årlege førestillingar
- Ca 50 elevar fordelt på 2 barnegrupper og 2 ungdomsgrupper
- 55% lærarressurs
- Godt samarbeid med foreldre (bidrar med dugnad på kulissar og kostymer)
- Deltaking i nasjonalt prosjekt «Den unge scene».
- Teaterlærarane er ressurs på regi og vert nytta tverrfaglege
- Godt sosialt miljø for elevar
- Eige rom for sy arbeid i kulturkjellaren + tilgang til verkstad på Tysværtunet.

Øvinga til teater føregår i Storsalen på Tysværtunet og i lokala som kulturskolen har fått tilgang til etter ombygging av «Reisen til Amerika». Kjenneteikn for rom som kan nyttast av teaterfaget er god golvplass (frå 50 m<sup>2</sup> og oppover), tregulv og / eller dansematter og gjerne tilgang til å blende vinduer.

### 2.3.2 Potensiale vidare for teater i Tysvær kulturskole

Det er stor interesse og rekruttering til teater, og det er i hovudsak økonomi som har halde seksjonen tilbake frå å vekse seg enda større. Lokalar på Tysværtunet med scenefasilitetar, gjev eit godt utgangspunkt for å drive undervisning med vekt på formidling.

Det er potensiale for fordjuping/talentutvikling innan teaterundervisning interkommunalt på Haugalandet. Ein bør også utreie om Haugesund teater og / eller Rogaland teater, også på enkelte områder kunne bli ein samarbeidande part.

#### Mål for komande periode er

1. Få til ei avdeling med 100 elevar og samla lærar ressurs på 100% stilling.
2. Arbeide for ein black box/øvingscene, med eit godt golv for fysisk teaterarbeid og kor skulen og lærarane sjølv kan bruke enkelt lys og lydutstyr.

## 2.4 VISUELLE KUNSTARTAR I TYSVÆR KULTURSKOLE

### 2.4.1 Kjenneteikn i dag

Tysvær kulturskole har hatt kontinuerleg drift av grupper innanfor visuelle kunstartar omtrent sidan innflyttinga på Tysværtunet. Faget er den minste avdelinga i kulturskulen, men interessa har vore jamn. Per i dag er det to grupper i drift.

Elevane i visuell kunst får si undervisning i den nye «Kunstgarasjen» (frå 2015) på Tysværtunet. Rommet er 50 m<sup>2</sup>, med arbeidsvask, plass til lagring og gode arbeidsbord.

Visuelle kunststartar i Tysvær kulturskole omfamnar ulike teknikkar innan biletkunst, modellering i leire, enkle skulptur teknikkar og utstillingar. Fysisk er det trong for å få på plass ei løysing for brenning av keramikk på Tysværtunet.

#### 2.4.2 Potensiale vidare for visuelle kunststartar

Det ligg potensiale i nye grupper som ungdommar, vaksne og eldre. Strategiar for å nå fram til fleire:

- Nye arbeidsformer (korte kurs, work-shops, sommarkurs mm) med fast lærar og eksterne
- Ulike fagområde som digitale teknikkar, foto, keramikk, installasjon osv.
- Ope hus
- PR via facebook og andre kanalar
- Synleg tilstade på Tysværtunet m/utstillingar osv.
- Samarbeid med Tysvær kunstlag

**Hovudmål er å auke interessa for visuelle kunstfag og soleis oppnå ei betre rekruttering og eit større mangfald i tilbodet.**

## 2.5 MUSIKK I TYSVÆR KULTURSKOLE

### 2.5.1 Kjenneteikn i dag



Instrumental og vokal opplæring er det kulturskulefaget som har lengst tradisjon innan dei kommunale rammene. Musikk er også fortsatt den største fagseksjonen med omlag halvparten av elevane i skulen. I Tysvær har ein lukkast i å rekruttere lærarar på alle dei vanlege musikk instrumenta, og ein tilbyr derfor eit godt utval innan musikkfaget. Per i dag er cello, fiolin, gitar (elektrisk og akustisk) klarinett, tverrfløyte, saksofon, slagverk, song og piano på timeplanen. Nytt tilbod siste år er «Sangskolen» eit gruppetilbod for elevar 10-12 år på song.

Undervisningsforma på musikk, er i hovudsak individuell undervisning. Elevane får vanlegvis 20 minuttar med lærar, og i tillegg fast samspel for alle instrument bortsett frå piano, song og gitar. Elevane får derfor i snitt meir undervisning enn 20 minuttar. Samspel er noko Tysvær har vore gode på og dei mange ulike gruppene har gitt eit godt utgangspunkt for å gjere spennande tema konsertar og tverrfaglege prosjekt.

### 2.5.2. Potensialet vidare for musikkfaget

Utfordring vidare er å få til jamn rekruttering til alle instrument, slik at bredda i musikkfaget vert ivaretatt. Kvalitet på prosjekt og framføringar fordrar ein musikalsk bredde og ein må og sikre at heile personalet har kundegrunnlag. Søkjarane til skulen tenkjer ikkje nødvendigvis så bredt, så ein må jobbe aktivt for å få god rekruttering til heile bredda av instrumentalundervisning.

Undervisningstida aleine med lærar på 20 minutt, er omdiskutert og heilt klart i minste laget for ein elev som yter god innsats. Det vil vere naturleg i det vidare arbeidet å sjå på ulike løysingar for å få auka undervisningstida for eleven, særleg for fag som ikkje har samspel. Skal den enkelte elev, og særleg spesielt interesserte elevar, få tilgang til å betale for meir tid med lærar? Eller skal budsjettet styrkast for å gje den enkelte meir undervisningstid?



Ei klar utfordring dei neste 10 åra, er å få på plass ei systematisk satsing på fordjuping i musikk, slik den nye rammeplanen legg opp til. Dette bør vere eit interkommunalt arbeid. Kommunen må vurdere kor mykje av kostnadene for ei slik satsing, som skal over på kunden.

Musikkfaget har vore sentrert om langsiktig instrumentalundervisning, men musikkfaget har og potensiale mot breddeprogram. I så fall må ein utvikle kompetanse og gjere seg erfaring med yngre aldersgrupper og andre arbeidsformer.

**Mål for komande periode er å få til ei jamn rekruttering på alle instrument og at elevar som syner gode evner og innsats, skal få tettare oppfølging. I tillegg må ein vidareutvikle nye arbeidsformer og finne opplegg som kan fungere mot eit breiare kundegrunnlag. Elevtalet i musikk kjerneprogram må oppretthaldas, satsing på bredde og fordjuping bør kome i tillegg til noverande satsing på instrumentalundervisning.**

## 2.6 FOR DEI YNGSTE

### 2.6.1 Kjenneteikn i dag:



Kulturskolen har eit samanhengande tilbod til barn/unge frå spedbarns alder. For dei yngste er tilbodet kurs i «Musikk frå livets begynnelse» og ulike grupper i kulturleik på ettermiddagstid. Samarbeid med nabo Aksdal barnehage, har vore utprøvd på dagtid, til stor glede for begge partar. Det har og vore forsøk på kulturlek for 1.-2.klasse i SFO tid på enkelte skular. Eigna lokalar har vore ei utfordring for faget, og soleis har ein prøvd ulike alternative lokalar i Aksdals området.

### 2.6.2 Utfordringar vidare

Det er etter kvart mange tilbydarar av «Musikk frå Livets begynnelse». I tillegg er færre småbarn heime på dagtid, og ein kan merke tidspress på småbarnsfamiliar på ettermiddag. I sum vert ikkje potensiale i faget nytta til fulle. Ideelt burde kulturskolen 0-8 år vore i enda større grad samarbeid med barnehage og småskule, det ville vere det beste for barn i Tysvær. Då ville ein kunne nå mange fleire, og det kunne vore kunnskapsoverføring til andre som arbeider med barn/unge. Det er naturleg å sjå Kulturskolen 0-8 år som ein del av kulturskolen sitt breddeprogram. Meir om dette i kap. 3.

## 2.7 NYE AKTUELLE FAG I KULTURSKULEN?

Generelt bør nye fag prøvast ut gjennom kortare kurs i første omgang, både for å byggje interesse hos elevar og for å skaffe erfaring med faga i skulen. Nye fag, vil heile tida vere ei vurdering opp mot ulempa ved å ha for mange små stillingar. Eksempel på fag som er naturleg å vurdere framover er Skapande skiving, Sirkus (Ny sirkus/Samtidssirkus) og musikkteknologi fag.

## KAPITTEL 3:

### ORGANISERING AV TYSVÆR KULTURSKOLE

#### 3.1 TRE PROGRAMOMRÅDER FOR KULTURSKULEN

Den nye rammeplanen for kulturskole «Mangfald og fordjuping» legg opp til organisering av kulturskule i tre programområder:

1. Breddeprogram: Hovudintensjonen med programmet er utoverretta verksemd, gjerne i samarbeid med andre. (Skule, SFO, kyrkje, bibliotek osv.) Ein reiskap for å gje den nasjonale visjonen om «kulturskole for alle», eit reelt innhald. Kan vere kortare kurs for både store og små. Ope inntak.
2. Kjerneprogram: Er hovudverksemd ved kulturskolen. Program for elevar som vil arbeide med kunstfag over lengre tid. Ope inntak, men krav til innsats.
3. Fordjupingsprogram: For elevar med særskilte føresetnader og interesse for kunstnarisk utøving. Krav til sterk og målretta innsats. Inntak etter opptaksprøve.



##### 3.1.1. Breddeprogram i Tysvær

Kulturskolen vil i planperioden prøve ut tilbod i breddeprogram, i første omgang i mindre skala. Ein må skaffe seg erfaring og kompetanse mot nye brukargrupper og nye organiseringsformer.

For å nå flest mogleg, er det er naturleg å søke samarbeid med skule/SFO og barnehage om breddeprogram. Tiltak som vert gjort må forankrast i kommunen, og ein må løfte samarbeidet opp på eit forpliktande nivå. Det er viktig å ikkje konkurrere om elevane si merksemd og tid med ulike tiltak. Kulturskolen har kontingent på sine tilbod. Det må avklarast om dette kan sameinast med tiltak i SFO tid, eller om ein bør få finansiert dette som eit innhaldsprogram i SFO.

Breddeprogram kan også femne andre aldersgrupper, som ungdomar og vaksne, og føregå i samarbeid med andre tiltak som UKM, frivillige organisasjonar eller institusjonar som bibliotek.

##### Tiltak:

- Prøve ut kulturskulegrupper i SFO tid. Låg pris, eller forsøk med gratis tilbod
- Utprøving der det finst eigna lokalar og der det er vilje til forpliktande samarbeid
- Fortsetje samarbeid med Aksdal barnehage om gruppe for barnehagebarn
- Lage korte kurs for å tilby skoleklassar mot betaling for skolen
- Meir satsing på kortare kurs for ungdommar og vaksne innan aktuelle emne. Ex: Skrivekurs, musikkproduksjon på data, teiknekurs, dans mm.

### 3.1.2 Kjerneprogram i Tysvær

Kjerneprogrammet er ei vidareføring av dagens kulturskole, treng ikkje nye organisatoriske tiltak. Innhaldet må ein likevel arbeide vidare med. I det nye kjerneprogrammet er det sterkare fokus på kvalitet og læring. Det vert arbeida med lokal læreplan for kjerneprogram i Tysvær, Haugesund og Karmøy.

### 3.1.3 Program for fordjuping i Tysvær

Satsing innan fordjuping bør vekse fram gjennom samarbeid med nabo kulturskolar, særskilte fagmiljø og lokale kulturelle kraftsentrar. Tysvær kulturskole er i seg sjølv for liten til å drive eit bredt program for fordjuping aleine. Saman bør kulturskulene applaudere og støtte initiativ som kjem frå fagmiljø internt, og søke nye samarbeid. Haugalandet er eit området med mange musikkfestivalar og ein bør jobbe for at desse også rettar delar av si satsing mot barn/unge. Kulturskulane vil i så fall vere naturleg samarbeidspartnar.

Eksempel på tilbod innan fordjuping så langt er: MusikkPluss (avslutta våren 2015) og Pianoklubben (Frå hausten 2015).

#### Tiltak:

- Utreie grunnlag for eit eige fordjupingsprogram saman med nabo kulturskulane
- Meir fordjuping gjennom å tilby korte kurs innan ulike emne
- Søke kontakt med kulturelle kraftsentrar som Haugesund Teater, Haugesund Billedgalleri og lokale musikkfestivalar for kortare samarbeidsprosjekt til beste for elevane
- Fordjuping gjennom forsterking og fortsatt satsing på eksisterande tiltak som Haugaland ungdomssymfoniorkester, deltaking på «DUS – Den Unge Scene» (nasjonal satsing innan teater) og Pianoklubben (Munor/Tysvær kulturskole).

## 3.2 LOKALAR FOR KULTURSKULEN

Kommunen har berre ein kulturskole. Rett fysisk plassering er viktig for å treffe bredt, men også for å få effektiv bruk av ressursar. Kulturfag er utstyrsfag, som krev spesialrom med tanke på utforming, materialar, utstyr og lagringsplass. Kvalitet på undervisningstilbodet vil ofte vere avhengig av kvalitet på utstyr og rom.

### 3.2.1 Plassering Akسدal/Tysværtunet

Å leggje hovudsete for kulturskolen på Tysværtunet, har vore ein suksess faktor; Sentrale lokalar med samling for lærarar og elevar, har vore positivt for arbeids- og læringsmiljø. Rammer for framføring og vilkår for utstyr, er optimalisert med sentralisert drift. Biblioteket er betjent fram til kl.19.00, og dette er ei svært god støtte for personalet og elevar/foreldre på ettermiddag og kveld.

Foreldre har akseptert plasseringa, og syt i liten grad med å kjøre elevane hit. Eldre elevar kjem dessutan ofte med buss frå skule. Miljøet i vestibyleområdet synes å fungere godt for elevar til og frå undervisning; Det er god anledning til å gjere lekser, og i tillegg vert bibliotek, kafé og kjøpesenter

nytta. Når alt dette er sagt, er det likevel slik at kulturskolen rekrutterer mest elevar frå nærområda til Aksdal og at foreldre set pris på tilbod ute på skulane.

### **3.2.2 Areal og rom på Tysværtunet**

Administrasjon: Administrasjon og lærarkontor på Tysværtunet er i dag på til saman: **38 m<sup>2</sup>**

Undervisningsrom: Faste undervisningsrom summerast per i dag til **369m<sup>2</sup>**.

Dei faste romma er: Dansesal 100 m<sup>2</sup> – Kunstgarasjen 50 m<sup>2</sup> - Frøylandssalen 78 m<sup>2</sup> - Tenkeloftet 68 m<sup>2</sup> - Rabalder + Kulturbad 1 og 2 = 73 m<sup>2</sup>.

I tillegg kjem Storsal, Sminkerom og Nygaardssal, som og vert nytta til undervisning, og felles møterom og toalett/kjøkken med kulturhuset. Medrekna desse areala kjem ein opp i over **700 m<sup>2</sup>** som vert nytta til kulturskole på Tysværtunet.

### **3.2.3. Kulturskole utanom Tysværtunet**

På Nedstrandstunet har kulturskolen gjennom alle år hatt fast pianoundervisning.

Dei seinare år har det ikkje vore formelt samarbeid om kulturskole ute på skular. Likevel har det vore noko undervisning etter skuletid enkelte stadar; Dette har vore initiert av lærarar som har ønska å starte undervisning rett etter skuletid.

Hausten 2016 etablerte kulturskolen forsøk med ein stasjon på Tysværvåg skule, etter initiativ frå FAU. Dette var vellukka, og held soleis fram hausten 2017.

### **3.2.4. Plassering av kulturskolen i framtida**

Aksdal peikar seg ut som det naturlege hovudsenteret for kulturskolen. Her bør ein plassere utstyrskrevjande aktivitetar, aktivitetar med særskilt krav til utforming av rom og det meste av instrumentalundervisninga.

Kulturskolen i Aksdal vil ha trong for meir plass i komande 10 års periode. Ei løysing er å byggje ut kulturhuset mot Lars Hertervigs plass, og då med eigen avdeling for kulturskule. Fleire har og peikt på at det kunne vere fornuftig å lokalisere kulturskule saman med ein mogleg ny ungdomsskule i Aksdal. Status per i dag i denne saka er uviss.

### **3.2.5 Kulturskole ute på skular (stasjonar) framover.**

Noko lokalisering ute på skulane vil vere særleg naturleg. Her har ein nærleik til elevar, terskelen for å vere med blir låg og tilbod ute på skular er etterspurd av foreldre.

For å oppretthalde gode fagmiljø og kollega fellesskap, er det viktig at lærarar som skal undervise ute på skular, også har arbeidstid i sentrale lokalar.

Ikkje alle fag egner seg for desentralisert undervisning; Fleire fag rekrutterer relativt smalt, slik at ein treng elevgrunnlag frå fleire skular. Dans, teater og biletkunst treng rammer som fell for komplisert og dyrt å halde seg med ute på skular.

Godt utstyrte kulturskolestasjonar bør prioriterast i krinsar med stor avstand til Aksdal. Nedstrand og Tysværvåg er aktuelle stader. Fysiske og praktiske rammer må vere på plass og arbeidsdagen for den tilsette må vere fornuftig oppbygd.

### 3.2.6. Spørsmålet om sambruk

Spørsmålet om sambruk kjem ofte opp i samband med lokalar for kulturskule. Mest truleg fordi dagsverket for kulturskulelærarar startar noko seinare enn for vanlege arbeidstakarar/lærarar. Kjernetid for kulturskule er 12.00-20.00. Dette inkluderer for og etterarbeid + fellestid for læraren (12-14). Læraren treng tilgang til å musisere/utøve sitt fag i for og etterarbeid, altså tilgang til musikkrom/spesialrom.

På Tysværtunet er erfaring at sambruk i spesialrom og scene/sal fungerer fint. Det er kjekt for kulturskolen å ha tilgang til sal og scene, gode fellesareal og areal til verkstad/lager. For kulturhuset er det eit pluss å kunne nytte kulturskolen sine rom i periodar; Godt utstyrte musikkrom/spesialrom vert nytta på UKM, div. festivalar og arrangement i ferie/helg. Lag og foreiningar har og nytta kulturskolen sine rom ved ledig kapasitet på kveldstid. Sambruk mellom kulturskule og kurs/konferanse har mindre potensiale, då desse aktivitetane vil konkurrere om same tid.



*Ex. på gode rom for kulturskole.*

## KAPITTEL. 4

### KULTURSKOLEN I DAG

#### 4.1 NØKKELE OG GRUNNTALSRAPPORT

I nøkkel og grunntalsrapport frå 2015 er det peika på følgjande kjenneteikn for kulturskolen i Tysvær:

Netto driftsutgift per innbyggjar 6-15 år, ligg på 13 % over landet. I Tysvær er 15,6 % av elevar i grunnskule alder i kulturskolen. Dekning har vore fallande i Tysvær, men er fortsatt 9 % høgare enn landet utan Oslo. Nasjonalt mål for deltaking i kulturskolen er 30 % av elevane i grunnskulen.

#### 4.2 ELEVAR OG DELTAKING

##### 4.2.1. Elevar og elevplassar

Ved skulestart august 2017 hadde Kulturskolen 264 unike elevar. Desse elevane nytta då samanlagt 366 elevplassar. At talet på elevplassar i bruk er høgare enn talet på unike elevar, syner at mange elevar går på meir enn eitt tilbod.

Elevplassane fordeler seg slik:

Musikk:	251 elevar
Teater:	50 elevar
Dans:	44 elevar
Biletkunst:	11 elevar
Kulturskolen 0-8 år:	10 elevar

Sum = 366\* elevplassar.

*\*Ein ventar at elevtalet stig fram mot GSI rapportering i oktober, grunna at ikkje alle tilbod er i sving frå skulestart*

NB. Ny organisering i 3 programområder, kan gje negativt utslag på elevtal. Breddeprogram i form av korte kurs og opplegg i samarbeid med andre, kan resultere i elevar som ikkje blir registrert som unike elevar i kulturskolen.

##### 4.2.2. Gitar og jenter



*Rockeband, foto Steinar Ågotnes.*

Det er klart fleire jenter enn gitar som går i kulturskolen nasjonalt. Ein kan sjå noko av det same i Tysvær. Av eit elevtal på 262 unike elevar, var det i januar 2017 187 jenter og 75 gitar i

kulturskolen. Noko av forklaringa kan vere at enkelte fag med høge elevtal, som dans og teater, har særskilt stor overvekt av jenter. Kulturskolen bør vere medveten om dette, og legge vekt på å vende tilboda likt mot begge kjønn. Det er ingen av faga i kulturskolen som er kjønnsdelt i utgangspunktet. Å rekruttere både kvinnelige og mannlige lærarar, er viktig.

#### **4.2.3 Ventelister**

I mange år har lange ventelister vore eit kjenneteikn ved norske kulturskular. Frå 2015 har det vore registrert ein tendens mot at elevtalet i kulturskulane går nedover, særleg talet på gitar. Den negative trenden har vore forklart med betre data verktøy, altså at ein har betre kontroll på reelle søkjarar med aktiv gjennomgang av ventelister kvart år. Det har og vorte spekulert i om dagens barn og unge ikkje har tålmodighet til eit så langsiktig prosjekt som kulturskolen tilbyr og om tilboda generelt talar mest til jenter.

I Tysvær har ein jamt over hatt om lag 50-100 elevar i kø for å kome med på kulturskolen, og slik er det framleis. At ein ikkje har tatt fleire av desse inn, heng saman med at det ville krevje fleire stillingar ved skulen. Elevkontingent svarar omtrent til 25% av kostnaden til å drive ein elevplass. Mål for ventelister er at ingen skal vente meir enn 1 år på plass.

#### **4.2.4 Rekruttering til fag og skule**

Det er til ein kvar tid også ledig plass i kulturskolen, men då på andre fag enn dei kor det er venteliste. Ein må derfor arbeide aktivt med rekruttering for fag som treng fleire søkjarar.

På same tid må ein også heile tida drive generelt rekrutteringsarbeid for skulen; Det må vere enkelt for elevar å kome i kontakt med kulturskolen. Konsert/førestilling med kulturskolen er alt fast på program i «Tysværskreppa»/DKS i Tysvær. Slik sikrar ein at alle barn i 1.-4. klasse får minst eit møte med kulturskolen.

#### **4.2.5 Deltaking og økonomi**

For dei som vil delta i kulturskolen, må ein sikre at kontingent ligg på eit nivå, som gjer at flest mogleg har råd til å delta. Kommunen bør sjå på gode løysingar for familiar med låg inntekt.

Tysvær kulturskole bør også ligge jamt med nabokommunane. Ved skulestart hausten 2017 kostar ein individuell elevplass i Tysvær 3562,- for eit heilt skuleår.

Ved skulestart 2017 er elevkontingent i Karmøy 3759,- per år og i Haugesund: 3960,- per år.

#### **4.3.5 Aukande folketal framover**

I SSB sin prognose for befolkningsvekst for kvar år– høy (HHMH) regner ein med 1774 elevar i grunnskulen i Tysvær mot 1682 i dag. Ein trendprognose, kalkulerer med 1826 elevar i 2027.

Basert på dekningsgrad i dag, bør kulturskolen ha opp mot 300 elevar i 2027, om utviklinga skal følgje dagens nivå. Sidan kulturskolen i følgje målsetning både i forhold til nasjonalt mål, og i følgje vedtatt kulturplan, bør målsetjinga for elevtal ligge ein del høgare enn dette.

### 4.3. KULTURSKOLELÆRAREN

Lærarane i kulturskolen er den viktigaste enkelt ressursen for skulen. Det er læraren som set undervisninga ut i praksis og som representerer møtet med eleven. Ingen annan enkeltfaktor påverkar eleven si læring like mykje.

#### 4.2.1 Personalet i tal

Kulturskolen har 7,8 årsverk og desse fordeler seg slik:

Administrasjon: 1,2 årsverk fordelt på rektor i 70 (+ 30 % som kjem inn under undervisning), Sekretær 30 % og inspektør i 20%

Kulturskolelærarar: 6,09 årsverk fordelt på 19 lærarar, kor av 2 lærarar i til saman 35% stilling er leigd inn frå Musikkelskapet Nordvegen.

Korpsdirigent/instruktør: 0,5 årsverk med inntektskrav mot Førre musikkorps.

#### 4.2.2 Undervisningstradisjon

Undervisningsforma i kulturskolen med små grupper og «ein til ein» undervisning byggjer vidare på meisterlære-tradisjonen. Dette er ei undervisningsform som står sterkt innanfor kunstfag. I denne tradisjonen er det naturleg at ein ønskjer lærarar som har gode utøvande ferdigheiter på sitt fag. Ein ekspert ser kva som passer til den enkelte på kvart utviklingstrinn og tilpassar undervisning til den enkelte.

#### 4.2.3 Kompetanse hos kulturskolelæraren

Kulturskolen har mange svært høgt utdanna lærarar, men og lærarar med tilsetjing basert på realkompetanse. Formell pedagogisk kompetanse har ikkje vore eit krav for tilsetjing i kulturskolen, men i utlysningar av stillingar er det alltid trekt fram som eit føremon.

Ein god del av kunstfagleg utdanna personell, har ikkje pedagogikk som ein sjølvsgt del av utdanningsløpet. Slik sett har det nok vore eit føremon i utviklinga av kulturskolen, at det ikkje har vore krav om pedagogisk kompetanse. Ein kan ikkje bli lønna som lærar, når ein ikkje har pedagogikk. Fleire høgskular tilbyr pedagogisk seminar som deltids-studie, og fleire lærarar har tatt dette undervegs. Kulturskolelærarar har sidan 2015 vore inkludert i det nasjonale løpet for etter- og vidareutdanning av lærarar.

Det er trong for kompetanseheving innan musikkteknologi og breddeprogram.

#### 4.2.4 Interkommunalt samarbeid om personale

Tysvær og Haugalandet generelt, har relativt få kunstfagleg utdanna personar. Det kan vere utfordrande å få til god rekruttering. Ein nøkkel til å få kvalifiserte søkjarar, har vore samarbeid med kulturskulane i nærområdet. Dette bør ein fortsetje med framover. At dei fleste av lærarane arbeider i meir enn ein kulturskole, er noko ein må ta omsyn til i det daglege.

Haugesund, Karmøy og Tysvær kulturskoler legg til rette for at det skal vere mogleg å arbeide i alle tre kulturskulane på likt. Ein syt mellom anna for at møter og prosjekt ikkje går parallelt, og prøver å legge til rette ved særlege hendingar. Dei tre kulturskulane har gjennom mange år hatt felles kursdag i januar og ein samarbeider konkret om tilbod til elevar. På administrativt plan samarbeider dei tre kulturskulane tett om utviklingsarbeid.



Framover kan det vere bruk for å harmonisere arbeidsavtalar og arbeidskvardagen enda meir. Det ligg og eit potensiale i å utnytte under- og overkapasitet i dei ulike kulturskulane, dersom ein får til smidige løysingar for kjøp og sal av pedagogiske tenester.



Personalet på Hennie Onstad kunstsenter, Foto: Kine Lorås.

### 4.3. KULTURSKULEN SOM RESSURSSENTER

I «Skapande læring – strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010, har Kunnskapsdepartementet lagt vekt på **kulturskulen som lokalt ressurscenter**, og potensialet som ligg i omgrepet. Dette er i tråd med stortingsmelding nr 39 - *Ei blot til lyst*. Kulturskulen sin verdi som kulturformidlar i lokalmiljøet har blitt sett, og rolla som mulig ressurs også for skule, barnehage og for frivillige organisasjonar har blitt framheva.

Kulturskolen må og vere eit ressurscenter i kraft av sin eigenverdi og som viktig ledd i heilskapelege tenestetilbod i kommunen. Kultur kan spele ei sentral rolle i arbeidet med å legge til rette for inkluderande og gode lokalsamfunn. Kulturskulen kan medverke til kulturell kompetanse og utfolding, samt bidra til å inkludere fleire i fellesskapet.

#### 4.3.1. Kulturskulen som ressurs for grunnskule:

Spesialkompetanse: Kulturskolen har ein særlig kompetanse innan teater/regi/dans og utøvande musikk, som kan mangle i grunnskulen. Dette kan vere kritisk kompetanse ved store prosjekt eller i samband med valfag i skulen. Utfordring i dette er å ha tilgjengeleg tid hos aktuelle lærarar, sidan etterspørsel etter spesielle tenester er ujamn.

Kombinererte stillingar: Per i dag har dei fleste lærarane i kulturskolen ein spisskompetanse på eit utøvande kulturfag, og i mindre grad utdanning frå lærarhøgskulane. Ein må likevel vere vaken for å få til kombinasjonsstillingar også i framtida.

Tilbod mot skule: Kulturskolen bør prøve ut å tilby kortare kurs/modular eller prosjekt for skuleklassar enten på Tysværtunet eller ute på skular. Fokus på emne som er vanskeleg å dekke opp for i tradisjonell skule. Praktisk tilnærming til musikk, teater, dans og kunstprosjekt. Bestilling og betaling.

Utstyr: Kulturskolen med sitt kollegium innehar stor kompetanse på utstyr mot kulturfag. Bør trekkast vekslar på ved større innkjøp elles i kommunen. Kulturskulen kan låne ut kostymer og rekvisittar til skular som skal ha førestillingar.

### 4.3.2 Ressurs for heile kommunen

Kulturelle innslag: Kulturskolen bør i planperioden fortsette å prioritere det å levere kulturelle innslag til lokalmiljøet og kommune-administrasjon. Det er god læring i det å øve mot offentlig framføring, og kjekt å gje noko tilbake til andre.

Integrering: For unge menneske som blir busett i kommunen, er det god integrering i det å lære ein kultur gjennom kunstfag. Kulturskolen ser ei auka interesse frå elevar med innvandrar-bakgrunn, men og at økonomi kan vere eit hinder for mange.

Førebyggjande verksemd: Kulturskolen har ein annan innfallsvinkel til læring enn tradisjonell skuleundervisning. Det finst mange døme på at ein kan lukkast med kunstfag, sjølv om ein slit i tradisjonell skule. I kunstfagopplæring, er det naturleg å tilpasse til den enkelte, og mange kan finne meining og ein veg inn til mestring av eige liv, gjennom opplæring i eit instrument eller dans, teater eller kunst.

Frivillige: Skulekorps har hatt ståande tilbod om å få dirigent tilsett gjennom kulturskolen. Ordninga inneber at korpsa får heile rekninga for lønn, men dei slepp arbeidsgjevar-ansvaret. Kulturtilskot i neste omgang, har vore med på å dekke delar av kostnad. Andre kommunar har ordningar der korpsa får gratis dirigent, men då kun 3-4 timar per veke, og i tillegg får korpselevane speletime gjennom kulturskolen (eigen kontingent på dette). Det har ikkje vore etterspurnad etter liknande opplegg i Tysvær, men ein får vere vaken for om korpsa ønskjer å evaluere og/eller endre støtte frå kulturavdelinga/kulturskolen.



Frå "200 år med grunnlov" mai 2014, samproduksjon kulturskule og skule

## KAP. 5

# KULTURSKOLEN INN I FRAMTIDA OPPSUMMERT



Foto: Steinar Ågotnes

### 5.1 KULTURSKOLEN SITT SAMFUNSSOPPDRAG

Kulturskolen er eit lovforankra tilbod. Mandatet er å drive musikk og kulturopplæring til barn og unge. Skolen er som arbeidsgjevar for kunstfaglig personell, kommunen sin fremste ressurs på utøvande kultur. Rolla som lokalt ressurscenter bør utforskast vidare.

### 5.2 FAG OG INNHALD: POTENSIALE FOR UTVIKLING

- Ny rammeplan – «Mangfald og fordjuping» har fokus på meir målretta arbeid for kvalitet.
- Kulturskolen bør få på plass eit system for måling av kvalitet. Det finst fleire tilbydarar av slike program. Døme er «Puls» som vert nytta i grunnskule.
- Eit bredt rekrutteringsarbeidet er fagleg viktig. Det er kvalitet for kulturskolen å ha elevar på mange ulike fag. Ein må freiste å motverke fallande elevtall og at alle vel det same.
- Fleire fag er svært små i kulturskolen og bør veksa i elevtall og lærarressurs for å få ein trygg plattform. Enkelte nye fag bør vurderast, men opp mot utfordring med små stillingar.

#### Økonomiske konsekvensar:

- Det er kostnad knytt til målingssystem for kvalitet
- Nye fag vil evt. krevje investeringar og lønnsmidlar.
- Det er økonomisk vinst i å få til jamnare rekruttering til alle fag

### 5.3 ORGANISERING FRAMOVER OPPSUMMERT

#### **Tilboda i kulturskolen bør i tråd med rammeplanen «Mangfald og fordjuping» organiserast i 3 program: Bredde, Kjerne og fordjuping**

- **Breddeprogram:** Eit program for å nå ut til fleire elevar. Kan vere korte kurs for ulike aldersgrupper og nivå, samt undervisning i samarbeide med skule/SFO eller frivillige.
- **Kjerneprogram:** Tilbod til elevar som vil ha eit langsiktig og grundig opplæringstilbod. Mest lik dagens kulturskole, men med meir fokus på kvalitet.
- **Program for Fordjuping:** Tilbod for elevar med særskilte interesse og evner. Må springe ut av gode fagmiljø og i samarbeid med andre

### Økonomisk konsekvens av ny organisering:

- Satsing på nytt breddeprogram i større skala, vil krevje ekstra midlar.
- Kommunen må ta stilling til om kulturskule i for eksempel SFO tid, skal ha betaling, eller om dette skal vere ein del av ordinært SFO tilbod.
- Kommunen må ta stilling til om kulturskolen nivået på ekstra kontingent for utvida tilbod i fordjuping.

### **Senter for Kulturskolen i Aksdal. Nokre mindre einingar ute på skular.**

- Det er på sikt trong for meir lokalar i Aksdal for kulturskolen
- I samlokalisering har Kulturskolen trong for tilpassa rom
- Kulturskule-fag er utstyrsfag, der kvalitet på utstyr og rom i mange høve er sterkt innverkande på resultat og kvalitet i undervisning.
- Kulturskolen kan i framtida fungere enten i eit utbygd Kulturhus, eller i eit evt. nytt skulebygg i Aksdal.
- Ute på skular er det generelt mangel på lokalar og utstyr tilpassa kulturskule undervisning.
- Kulturskolen kan ikkje vere representert på alle skular. Det må bli lokale variasjonar basert på tilgang eigna lokalar og praktiske forhold knytt til tilsette sin arbeidskvardag
- Eigne kulturskulestasjonar i krinsar langt frå Aksdal. Eksempel Tysværvåg og Nedstrand.

Vidareutvikling av lokalitetar vil vere forbundet med kostnader. Dette er ikkje rekna på i denne samanheng.

## 5.4 KULTURSKOLEN FRAMOVER

Kulturskolen har i dag ei dekning på om lag 15 % av elevane i grunnskolen hos oss. Dette er ei dekning som ligg over landssnittet, men graden av dekning har vore noko fallande dei siste åra: Ein må ha målsetning om å halde dekningsgrad oppe, og helst auke denne. Dette er jmf. mål satt i lokal kulturplan og nasjonalt mål satt av interesse- og eigar organisasjonen «Norsk kulturskoleråd».

Undervisningspersonalet vil trenge kompetanseheving inn mot ny organisering. Kompetanseprofilen i skulen kan også endrast gjennom naturleg rekruttering av lærarar. Tett samarbeid med nabokommunane om arbeidskraft blir essensielt framover, det er utfordrande å finne kvalifisert arbeidskraft til spesialiserte stillingar.

Deltaking av både gutar og jenter, og frå alle delar av Tysværsamfunnet, er eit viktig prinsipp; Ein må arbeide medvite for ein jamn balanse mellom gutar og jenter og frå alle bygdar i Tysvær. Det bør kome på plass ordningar med friplass eller redusert betaling for elevar frå familiar med låg inntekt.

Det er også viktig å motverke nasjonal trend med minkande elevtall for norske kulturskolar; Opplæring i kunstfag er læring for livet og ei viktig brikke i eit aktivt og innhaldsrikt liv for den enkelte, men og grunnlaget for lokalsamfunn med levande kulturliv.